

---

Saksnr: 2020/47506-3  
Saksbehandlar: Eva Moberg David Aasen  
Sandved

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

## Sektorprinsippet og avklaring av ansvar for Tyssedal kraftverk

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet finn det uholdbart at statlege styresmakter ikkje har avklart korleis ansvaret for Tyssedal kraftverk skal handterast i lys av sektorprinsippet og delt eigarskap. Hovudutvalet meiner at dette set nasjonale kulturminneverdiar i Vestland i fare, og forventar at slik avklaring vert gjort så snart som råd.
2. Hovudvalet meiner det snarast må kome på plass ei føreseieleg finansiering av drift og vedlikehald av anlegget der ein tek i vare og nyttar Kraftmuseet (NVIM) sin kompetanse på vedlikehald og drift av kulturminnet.
3. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren om å sende likelydande brev til Klima- og miljødepartementet, Statkraft og AS Tyssefaldene, med ei tydeleg forventning om snarleg oppfølging av vedtakspunkt 1 og 2.

## Samandrag

Kraftmuseet - Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) har ein leigeavtale med AS Tyssefaldene (AST) om bruk og vedlikehald av Tyssedal kraftverk. Grunna manglande avklaring av sektoransvar ved delt eigarskap, har Kraftmuseet ein uavklart finansieringsordning for drift- og vedlikehaldsoppgåvene. Dette set museet i ein svært vanskeleg situasjon. Dersom avklaringar ikkje kjem på plass innan kort tid, vil styret i museet måtte vurdere å seie opp leigeavtalen. Dette kan føre til at Tyssedal kraftstasjon vert ståande utan bruk i framtida. Dette trugar nasjonale kulturminneverdiar i Vestland fylke.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kraftmuseet i Tyssedal (NVIM) har som mål å «*samlar inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden*» Vidare skal museet «*bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).*»

Museet baserer i hovudsak drifta av verksemda si på offentlege tilskot (Kulturdepartementet, Riksantikvaren, NVE, Vestland fylkeskommune og Odda kommune). Den paradoksale situasjonen Kraftmuseet no er sett i vart omtala i museumssektoren sitt fagblad, Museumsnytt, [allereie i 2018](#).

Tyssedal kraftverk har vore freda etter kulturminnelova sidan 2000 og inngår som eit av 15 anlegg i [Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for teknisk- industrielle kulturminne](#). Kraftverket inngår også i Statkraft sin landsverneplan som no er til handsaming hos Riksantikvaren.

Saka her gjeld ein konkret del av den offentlege finansieringa og er knytt til ansvarsforholdet av vedlikehaldet av Tyssedal kraftstasjon. Kraftmuseet har sidan 2002 påteke seg det innvendige vedlikehaldet av anlegget som del av leigeavtale med AS Tyssefaldene (AST).

Tyssedal kraftverk er eigd av AST. Statkraft har frå 2012 vore hovudaksjonær i AST (60,17 % av aksjane). Juridisk sett vert det rekna som statleg eigarskap når den statlege prosentandelen overstig 50%. I [Stortingsmelding nr. 58 \(1996-97\), Miljøpolitikk for en bærekraftutvikling](#), vert det slege fast at den sektoren som eig eit kulturminne også er ansvarleg for kulturminnet.

Statkraft har i brev til Riksantikvaren bedt om ei avklaring frå Klima- og miljødepartementet om kva betydning delt eigarskap har for prinsippet om sektoransvar. Saka ligg framleis til handsaming i departementet.

Når AST berre er delvis statseigd, kan det gje argument for at AST her ikkje treng ta den fulle børa med finansiering etter sektorprinsippet - i motsetnad til eit anlegg der eksempelvis Statkraft eig eit anlegg direkte, med 100%. Dette la Familie- og kulturkomiteen på Stortinget vekt på i sin kommentar til Statsbudsjettet for 2018:

*(...)Uten ekstern finansiering vil museet måtte trekke seg fra avtalen. Det vil medføre at anlegget blir stående ubrukt med et minimum av vedlikehold mens museets høye kompetanse på ivaretagelse av dette kulturminnet ikke videreføres. Komiteen er bekymret for situasjonen og mener det er grunnlag for å fravike sektorprinsippet, og ber regjeringen vurdere nøye om det er grunnlag for å fravike sektorprinsippet i denne saken, blant annet fordi AS Tyssefaldene kun er delvis statseid og fordi det i Finansdepartementets rundskriv 101 åpnes for at Riksantikvaren kan gi tilskudd til statseide foretak. Komiteen ber departementet gjennom dialog med Riksantikvaren, AS Tyssefaldene og NVIM sikre en løsning for Tyssedal kraftverk som gjør at museets kompetanse på vedlikehold av kulturminnet ivaretas.*

Etter føringar i budsjettvedtak i Stortinget har Riksantikvaren løyvd lønsmidlar til vedlikehaldsoppgåvene i 2018 og 2019. I påvente av svar frå departementet har Riksantikvaren bedt om eit spleiselag for sikring av Tyssedal kraftverk i 2020. Riksantikvaren har gjeve eit tilskot på kr. 800 000 til NVIM i 2020 som del av eit slikt spleiselag. Statkraft har avslege forslaget om spleiselag med grunngjeving i at brevet frå Riksantikvaren er stila til Statkraft som aksjonær og ikkje til styret i AST og bedt Riksantikvaren om å sende førespurnaden vidare til AST.

Riksantikvaren har i brev av 11.05.20 sendt førespurnaden til AST og samstundes bedt AST svare på om dei har ein oppfølgingsplan for vidare bruk av anlegget dersom NVIM trekker seg ut av leigeforholdet. Svarfrist er sett til 10.06.20.

Kraftmuseet skal i styremøte 15.06.20 avgjere om dei kan vidareføre leigeavtalen med AST eller om dei må trekke seg ut av kraftverket. Det er antatt at minimumsvedlikehaldet for 2020 har ein kostnad på om lag kr. 1 391 000. For museet vil det økonomiske fundamentet for vidare drift då ikkje vera berekraftig, og eigenkapitalen vil i løpet av kort tid vera negativ.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:**

Regional kulturplan for Hordaland 2021-2025, *Premiss-kultur*

Fylkesdirektøren ser det som utfordrande at Kraftmuseet over fleire år har hatt ein uavklart situasjon knytt til finansiering av vedlikehaldsoppgåver i anlegget dei held til i og driv si verksemd.

Kraftmuseet har opparbeidd viktig kompetanse som er naudsynt for å sikre vedlikehaldet av Tyssedal kraftstasjon. Gjennom leigeforholdet og tilhøyrande drift og vedlikehaldsoppgåver opprettheld museet også tilgjengeleggjeringa og formidlinga av kulturminnet.

Skulle Kraftmuseet kome i ein situasjon der dei må trekke seg ut av leigeavtalen, vil det freda kulturminnet stå i fare for å bli ståande utan bruk. Dette vil vere svært uheldig, både i forhold til at museet ikkje lenger har kulturminnet som lokasjon, men også i forhold til formidlingsoppgåver og til bruk av lokala til arrangement både lokalt og regionalt. Manglande oppvarming og manglande oppfølging av vedlikehald vil også vere negativt for kraftstasjonen. Dette vil setje forvaltinga av eit nasjonalt kulturminne i fare.

Konklusjon

For å sikre ei langsiktig og føreseieleg løysing for Kraftmuseet sitt leigeforhold i Tyssedal kraftstasjon, meiner fylkesdirektøren at det no hastar med å få ei avklaring på ansvarsforhold og finansiering av drift og vedlikehald av Tyssedal Kraftverk. Situasjonen er prekær for Kraftmuseet. Det er uheldig at det frå statlege hald ikkje kjem ei avklaring på dei spørsmåla som er stilt av Familie- og kulturkomiteen i 2017.

Klima- og miljødepartementet, Statkraft og AST må snarast kunne gje ei avklaring på ansvarsforholda og korleis ein kan sikre ei framtidig finansiering av vedlikehaldet av Tyssedal kraftverk der Kraftmuseet sin kompetanse på vedlikehald av kulturminnet vert teke i vare. Utan ei snarleg løysing, vil ein stå i fare for at anlegget står utan bruk. Dette trugar nasjonale kulturminneverdiar.